



RADØY KOMMUNE
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 23.02.2018
Vår ref.: 2018/922-2
Saksbehandlar: sigwols
Dykkar ref.:

Fråsegn om kulturminne - delingssak gnr. 24 bnr. 11 - Bø - to nye grunneigedomar for bustad - dispensasjon frå byggegrense mot sjø og plankrav - oversending for uttale

Vi viser til Dykkar brev datert 25.01.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyremakt innan kulturminnevern.

Begge tomtene kjem i konflikt med foreslått arealføremål og byggegrense i framlegg til kommunedelplan for Bø. Vi er negative til delinga, då tiltaket kjem i konflikt med ein plan som er under arbeid.

Frådelinga vedkjem i fyrste omgang ingen kulturminneinteresser. Angåande dei vidare planane som blir skissert i søknaden om nytting av arealet til bustadtomt, så vil evt. byggeløyve innehøre fysiske tiltak i grunnen. I våre arkiv er et ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på tomta, men området har typografiske trekk som gjer at det er potensial for steinalder. Det er difor naudsynt med ei arkeologisk registrering, heimla i kulturminnelova § 11a., for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ukjende kulturminne, jf. kulturminnelova § 3.

Fylkeskonservatorene ber om å få tilsendt eventuelle søknadar etter plan- og bygningslova kapittel 20, slik at vi kan utføre vår registrering.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.